

Program for helga

Fredag 21. august

Møte kl 19.30

Laurdag 22. august

Seminar frå 11-14. To økter med forfriskningar mellom øktene.

Møte kl. 19.30


Søndag 23. august

Gudsteneste kl 11

Det blir eige lovsongsteam med på alle møtene, barnepass på laurdag og søndag, samt søndagsskule på gudstenesta.

temahelg

Skaping eller evolusjon?




21.-23 august blir det møtehelg i gymsalen på Langeland skule. Pastor og misjonsleiar **Erik Jensen** vil undervisa om kvifor me kan stola på Bibelen si skapingsforteljing.



Desse møtene er eit samarbeid mellom Stord Bibelsenter, Den Frie Evangeliske Forsamling og Kristkyrkja på Stord.

Er dette sant?



Biologar og paleontologar over heile verda svarar JA på dette spørsmålet. Dei meiner og lærer at menneska har utvikla seg frå apene, eller meir presist: apene og menneska har same opphav.

Strengt tatt går dei enno lenger: Alt som lever har same opphav, seier dei. Løvetannplantene, løvene, nashornet, nashornbillene, manetene og menneska har utvikla seg frå same urcelle. Men kan dei bevisa dette? Nei, det kan dei sjølvsgatt ikkje. Men dei trur at det er slik det har skjedd. Ja, dei trur det trass i at alle indisier talar imot det. Det er som å tru at ein BMW har utvikla seg frå ein binders utan menneskeleg innblanding.

Som kristne trur me at Gud er vår Far, og at han skapte oss til heilt unike skapningar. Bibelen lærer oss at me, i motsetning til alle andre artar, er skapte i Guds bilete. Det inneber at me er hans familie, me er hans barn og kan forstå at me er elska, og me kan bada i hans kjærleik slik som me kan nytta sola ein varm sommardag.

behøver. Men navlestrengen er så kort. Liv etter fødsel er logisk nok udelukket."

Den anden insisterte, "Jamen jeg tror der er noget og måske er det anderledes, end det er her. Måske vi ikke længere, vil have brug for denne fysiske streng."

Den først svarede, "nonsens. Og endvidere hvis der er et liv, så hvorfor har ingen nogensinde kommet tilbage derfra? Fødsel er livets afslutning, og efter fødslen er der intet andet end mørket og tavshed og glemsel. Det tager os intetsteds.

"Nå, jeg ved ikke, "sagde den anden," men vi vil sikkert mødes, med mor og hun vil tage sig af os."

Den første svarede "mor? Så du tror, rent faktisk på mor? Det er latterligt. Hvis mor findes derefter, hvor er hun nu?"


Den anden sagde, "hun er overalt omkring os. Vi er omgivet af hende. Vi er i hende. Det er i hende, at vi lever. Uden hende ville denne verden, ikke kunne eksistere."

Den første sagde: "Når jeg ikke kan se hende, så det er kun logisk, at hun ikke eksisterer."

Den anden svarede, "nogle gange, når du er i stilhed og du fokuser og du virkelig lytter, så kan du opfatte hendes tilstedeværelse, og du kan høre hendes kærlige stemme, som toner fra oven.

Liv etter fødselen?

Pia L Bundgaard, eit klipp fra Facebook




Der var to babyer i en livmoder. En spurte den anden: "Tror du på liv efter fødslen?" Den anden svarede, "selvfølgelig. Der må være noget efter fødslen. Måske er vi her for at forberede os til hvad vi vil være senere."

"Vrøvl" sagde den første. "Der er intet liv efter fødsel. Hvilken slags liv ville det være?"

Den andet sagde, "Jeg ved ikke, men der vil være mere lys end her."

Måske vil vi gå med vores ben og spise fra vores mund. Måske får vi andre sanser, som vi ikke forstår nu."

Den første svarede, "det er absurd. At kunne gå er umuligt. Og spise med vores mund? Latterligt! Navlestrengen leverer ernæring og alt hvad vi



Står han for fall?

av pastor Jens Thoresen

Det var i 1859 at Charles Darwin gav ut boka si "The origin of the species" ("Opphavet til artane"). Etter å ha vore på verdsomseiling i mange år og studert dyre og plantelivet i mange land, la han fram den tanken at alle levande skapningar gjennom millionar av år hadde utvikla seg frå dei same enkle livsformene ved at det alltid har vore dei beste som har klart kampen for tilværet best og har såleis fått sjansen til å spreia sine vellukka eigenskapar på bekostning av dei svake. For å seia det litt populært: Dei sterke danka ut dei svake i konkurransen om ressursane. Boka hans representerte på mange måtar eit **paradigmeskifte** i historia, som betyr at ho for alltid til å endra menneska si oppfatning av Gud, naturen,

menneske, etikken og naturhistoria og historia til oss menneske. Tanken om at menneske var eit produkt av lang tids utvikling, og ikkje av Guds særskilde skaparakt, førte til at store og betydningsfulle menn kom til å forkasta Gud og snu ryggen til den kristne trua. Ein annan effekt av Darwins lære var at ho gav næring til filosofar som Nietzsche som meinte at Gud var død og at me måtte kvitta oss med den kristne slavemoralen og erstatta den med ein ny herremoral, noko som igjen kom til å bana veg for Adolf Hitler og nazismen, med all den gru som det skapte. Vidare gav darwinismen legitimitet til ateismen. Karl Marx kalla kristendomen for "opium for folket", og skapte ein ateistisk kommunisme som i si einsretting kom til å ta livet av fleire menneske enn noko anna politisk rørsle i historia. Der Gud blir kasta ut, blir det ingen nåde. Trur menneska at dei er dyr, blir dei dyriske.


Så er spørsmålet: Står Darwin for fall? Ja, det trur me. For læra hans held rett og slett ikkje vitenskaplege mål, og dei etiske og metafysiske konsekvensane av henne er berre katastrofale.

Kva er problemet? Charles Darwin hadde ingen peiling på genetikk. Han visste ingenting om DNA-molekylet, den genetiske koden som bestemmer eigenskapane våre. Ting heng nemleg slik saman: Ein art kan ikkje endrast utan at denne koden blir endra. Det kan skje gjennom såkalla mutasjonar som skuldast stråling eller kjemisk påverknad, men desse mutasjonane er alltid øydeleggjande for individet. Stråler og kjemiske stoff slår til heilt tilfeldig. Det blir som å sleppa ein sjimpanse laus i stova di. Resultatet vert miserabelt.

Og i tillegg er det ikkje nok å **endra** denne koden, det må tilførst **ny** informasjon, nye gener, nye kromosom, nytt DNA, og det skjer rett og slett ikkje. Den informasjonen som ligg i DNA-molekylet er ekstremt

intelligent, ja så intelligent at han formar intelligens. Og skal det tilførst nytt DNA til ein art slik at han utviklar seg til ein ny art, må det tilførst ny intelligent informasjon, og kor skulle den koma frå når Gud er utradert?

Kva skjer dersom Darwin fell? Då kan folk trygt søka Gud igjen utan å føla på ein begår intellektuelt sjølv mord, då kan me attvinna vona om at det i framtida skal skapast ein ny himmel og ei ny jord der rettferd bur, då vil me igjen forstå at alle menneske ber Guds stempel og at me har ein uendeleg verdi fordi me er elskta av Gud, han som bestemmer verdien på oss alle. Då kan menneska igjen søka Gud, og dei som søker han, vil finna han. Det har han sjølv bedyra gjennom profeten Jeremia. Du kan jo berre prøva, min kjære lesar. Det er gratis, og slår ikkje feil om du meinat det.



LIVETS MYSTERIUM

av tidlegare overlege ved Ullevål sjukehus har skriva ei fantastisk fin bok om dette emnet som set tinga fint på plass for oss. Kjøp ho, les ho og lån henne bort til andre som treng å lesa slikt.